

Oppdragsgjevar: **Sunnfjord kommune**  
Oppdragsnr.: **52103162** Dokumentnr.: **001**

**Til:** Harald Eikenes  
**Frå:** Arne Kringlen  
**Dato** 2021-11-05

## ► Planinitiativ og utfordringsnotat som grunnlag for planarbeidet

*Ved oppstart av eit privatinitiert planarbeid, skal forslagsstillar sende inn eit planinitiativ som i naudsynt grad skal omtale premisa for det vidare planarbeidet. Føremålet med dokumentet er å omtale dei punkta som det skal gjerast greie for i eit planinitiativ jf. § 1 i Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova av 2008.*

<b>Vevring</b>	
Gbnr.	429/4, 429/2 og 427/3 m.fl.

Initiativet er utarbeidd av **Norconsult AS** på vegne av **Sunnfjord kommune**.

### **Formålet med planen** (Jf. § 1, andre leidd bokstav a)

Formålet med planarbeidet er regulering av sentrumsområde i Vevring til sentrumsføremål, bustader, offentlig privat verksemd og båthamn. Området er på ca. 350 daa og er delvis bebygd.

Det er gjennomført ein lokal mobiliseringsprosess/planarbeid (vedlagt rapport) som skisserer kva dei som deltok i mobiliseringsprosessen ynskjer av tiltak i området. Dette konkretiserer kva planen skal legge rammer for. Leikeområde, båthamn, bustadområde, kombinerte bustad og næringsbygg, landskapshotell, grendehus/allhus ved butikken er nokre stikkord.

For områda nær sentrumskjerna vil områdeplanen vere tiltaksretta, mens for bustadområda lengst nord vil den legge rammer for seinare detaljregulering.


### **Planområdet – dagens situasjon** (Jf. § 1 andre ledd bokstav b)

Planområdet er lokalisert heilt nordvest i Sunnfjord kommune, langs Førdefjorden, på grensa til Kinn kommune i vest. Fylkesveg 611 går gjennom planområdet

Vevring skulekrins ligg heilt vest i Sunnfjord kommune, ved Førdefjorden. Der bur det om lag 300 innbyggjarar, fordelt på grendene Redal, Gryta, Vevring og Kvellestad. Frå Redal i aust til Horne i vest er det om lag 10 km.

Vevring er i dag knutepunktet i skulekrinsen, med skule, barnehage, kyrkje og butikk. Gardsbruka dominerer inntrykket av grenda, men mange har lagt ned den aktive drifta dei siste åra. Mange av innbyggjarane dagpendlar til arbeid i Naustdal sentrum, Florø eller Førde.

Oppdragsgiver: Sunnfjord kommune  
Oppdragsnr.: 52103162 Dokumentnr. 001



Figur 1: Figur frå Asplan Viak si tettstadsanalyse.

Kjernen i planområdet er dei sentrale områda kring kyrkja, skulen, Thingneset og butikken. Ytteravgrensing er det naturlege nærområdet til desse institusjonane.

Planområdet er delt i eit øvre og eit nedre platå av ein markert og bratt skrent. Den bratte skrenten er ei romleg visuell grense som skil strandflata ved fjorden frå det relativt store, skålforma landskapsrommet på platået over. Skrenten er delvis skogvokst, noko som forsterkar grensa. Det bratte fjellet i bakkant er ein sterk vegg i landskapsrommet, som opnar seg mot fjorden og fjella i sør og aust.

## Planstatus og overordna føringar (Jf. § 1 andre ledd bokstav g)

Kommunedelplanen for Vevring vart vedteken i 2016. Området er i kommunedelplanen avsett til ulike sentrumsføremål, med krav om områdereguleringsplan.

Arealet er i kommunedelplanen avsett til LNF område, sentrumsføremål, bustader, offentlig privat verksemd og båthamn. Planen vart vedteken i 2016. Arealet grensar til Førdefjorden, og har i dag kyrkje, skule, butikk, bustader og båthamn. I kommunedelplanen er ein del LNF område, som i dag ikkje er utbygd, avsett til framtidige områder for bygg- og anlegg.


Planomtalen seier følgjande om Vevring sentrum:

*Vevring sentrum er treffpunkt, og bindeleddet mellom dei små grendene. Ei forsterking av sentrum, i form av aktivitet og felles funksjonar er viktig for ei god samfunnsutvikling. Det er ikkje mineralnæringa på Engebø som avgjer om det skal vere aktivitet i sentrum eller ikkje. Planen legg til rette for at området skal blomstre, ved å setje av bustadareal og sentrumsareal. Det er eit krav at Vevring sentrum skal områderegulerast, for å sikre ein heilskapleg plan for sentrum på meir detaljnivå enn kommunedelplanen, og får fram kvalitetane staden har, framfor å øydeleggje dei. Bustadareala har rekkefølgjekrav for å sikre god arealutnytting.*

Føresegn § 2.2 Plankrav, seier følgjande:

Oppdragsgiver: Sunnfjord kommune  
 Oppdragsnr.: 52103162 Dokumentnr. 001

I Vevring sentrum (B2,B3, B5, B6, OFF-1, OFF-2, SENTR-1, SENTR-2, AB-2, AB-3, AB-4, SBH4) skal det føreliggje områderegulering før detaljregulering kan vedtakast.



Figur 2: utsnitt frå kommunedelplan for Vevring der planområdet er omramma med stipla linje og fylt med skrå svart skravar

## Kort presentasjon av prosjektet/planidéen (Jf. § 1 andre ledd bokstav c, d og e)

Det er gjennomført eit arbeid med mobilisering av utviklingskonsept for området.



Løysingane i konseptet er godt lokalt forankra. I reguleringsarbeidet skal vi konkretiserer og detaljerer heilskaplege løysingar, inklusive byggjeformål, vegløyser, gang- og sykkelaksar, offentlege uterom, grøne og blågrøne strukturar, byggehøgdt/tettleik, parkeringsdekning, utfylling og offentleg tilkomst til sjø.

Oppdragsgiver: Sunnfjord kommune  
Oppdragsnr.: 52103162 Dokumentnr. 001

Dei mest sentrale og aktuelle byggjeområda skal detaljerast slik at det er mogleg å iverksetje utbygging utan å måtte gå om detaljreguleringsplan.

## **Verknadar av planinitiativet (Jf. § 1 andre ledd bokstav f)**

Områdeplanen vil opne for ei fortetting og utvikling av ein tettstad ved fjorden, som kan sikre busetnad og arbeidsplassar i eit område som i dag har folketalsnedgang og ei aldrande befolkning. Ei eventuell næringsutvikling i Engebøfjellet som ligg rett aust for Vevring, vil kunne bidra til å skape eit grunnlag for å busetje dei som skal arbeide i denne næringa.

Planområdet er på om lag 350 daa. Overordna arealbruk er avklart i kommunedelplan for Vevring.

- ca 21 daa Sentrumsareal.
- ca 120 daa Bustadområde.
- ca 20 daa Offentleg område (skule, kyrkje).
- ca 15 daa Andre typa bygg og anlegg (båthamn, Landskapshotell, butikkområde)
- ca 10 daa Båthamn
- ca 169 daa LNF

Byggeområda er delvis utbygde frå før og delvis heilt nye areal som er omdisponert frå LNF område i kommunedelplanen. Resten av det 350 daa store planområdet er i kommunedelplanen av sett til LNF område.

Planarbeidet vil legge beslag på naturressursar i form av landbruksareal og sjøareal som i dag ikkje er utbygde. Nær alt dette arealet er planavklart i kommunedelplanen, med unntak av ca 6 daa i vika aust for butikken, der det er ynskje om å regulere inn, fellesbygg for grenda, badeplass og båthamn. Dette er delvis slik det er utbygd og nytta i dag, men arealføremålet i kommuneplanen er LNF område og sjøareal (bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner)

## **Samfunnstryggleik og risiko (Jf. § 1 andre ledd bokstav i)**

Sjå eige vedlegg med vurdering av krav til konsekvensutgreiing.

Med utgangspunkt i fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderingar er følgjande representative og vedtaksrelevante uynskte hendingar identifisert for nærmare vurdering og avklaring:

1. Stabilitet og skred innafør byggeområda. Dette gjeld både forhold til stabilitet av lausmassar i bustadområda bak skulen og for dei aktuelle utfyllingsområda i sjø.
2. Stormflo i kombinasjon med havnivåstigning må særskilt vurderast opp mot dei sjørette anlegga som er båthamn, kai og byggeområde langs sjøen.
3. Flaum i vassdrag må særskilt vurderast for Storelva i vest og Støselva i aust, der område med potensiale for jord og flaumskredfare går inn i byggeområde.

Hendingane lista opp under er vurdert til å kunne handterast gjennom den ordinære verknadvurderinga i planomtalen:

4. Drukning
5. Trafikktryggleik
6. Brann

Oppdragsgiver: Sunnfjord kommune  
Oppdragsnr.: 52103162 Dokumentnr. 001

Vi tek atterhald ovanfor kommunen om at i prinsippet kan det kome innspel til varsel om oppstart som kan ha verknad for ROS-vurderinga

### Konsekvensutgreiing (Jf. § 1 andre ledd bokstav l)

Sjå eige vedlegg med vurdering av krav til konsekvensutgreiing.

Tiltaket medfører utbygging og arealbruk som i all hovudsak er i samsvar med overordna plan. I tillegg er det aktuelt å innlemme eit sjøareal på 6 daa for etablering av gjestebrygge og badeplass. Det vert lagt til grunn at dette ikkje vil medføre ytterlegare privatisering av strandsona. Det er også lagt til grunn at det vil verte gjennomført naudsynnte grunngranskingar på land og i sjø samtidig som omsynet til den naturbaserte sårbarheita vert ivareteke. Tilhøva vil verte følgt opp gjennom det ordinære planarbeidet.

Vår samla vurdering er at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande.

Det utelukkar ikkje at Sunnfjord kommune, eller andre mynde kan stille bestemte krav til forslagsstillar om utgreiing osv. for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

### Planprosessen, samarbeid og medverknad (Jf. § 1 andre ledd bokstav h, j og k)

I tidlegare gjennomført mobiliseringsprosjekt er det gjennomført fleire folkemøte, der bygdefolket er invitert til å kome med ynskjer om tiltak og arealbruk for tettstaden Vevring.

I samband med dette reguleringsarbeidet er det gjennomført synfaring med kommunen, der ein også har hatt direkte dialog med grunneigarar som vert berørt av ny arealbruk. Grunneigarane er etter møte gitt høve til å kome med sine eigne innspel direkte og dette vert nytta som grunnlag for plankonseptet

Plankonseptet vil verte presentert til grunneigarar og bygdefolket 15/11. På dette grunnlaget vert det sendt planinitiativ/utfordringsnotat til kommunen med spørsmål om oppstartsmøte. Etter oppstartsmøte vert det gjennomført kunngjering om oppstart. Innspel til oppstart og føreliggande plankonsept vert lagt til grunn for utarbeiding av reguleringsplan som vert sendt på høyring.

I høyringsperioden vil ein vurdere å presentere planen i planforum og på eit folkemøte i Vevring.

#### Vedlegg:

- V1 Rapport frå mobiliseringsprosjektet
- V2 Vurdering av krav til konsekvensutgreiing
- V3 Sårbarheitsvurdering i høve naturbasert risiko
- V4 RIG notat
- V5 Vurdering stormflo og bølger

C02	2021-11-05	For gjennomgåing hjå oppdragsgjevar.	AKR	CORERS	AKR
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.